



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 6207eafd-6adf-421d-b5ed-
176a7231ba17
Vår: 22/6677 - 22/76454

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

05.10.2022

Søknad om etablering av driftsbygg og ombygging av brønnhus og silo - gbnr 58/9 Lygren indre - uttale kultur

Viser til førespurnad om avklaring knytt til omsynssone kulturmiljø (570) i Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Saka gjeld søknad om etablering av driftsbygg med BYA opplyst til 160 m², samt ombygging av brønnhus og silo til reiskapshus opplyst med storleik på om lag 25 m² på gbnr. 58/9 Lygren indre.

I kommunedelplanen står det at omsynssone for bevaring kulturmiljø (570) «*omfattar nyare tids kulturminne og kulturmiljø som ikkje er automatisk freda, men som har stor lokal eller regional verdi. Det skal takast særlege omsyn til kulturmiljøet ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innaforsona. Tiltak som kan verke negativt på kulturmiljøet bør ikkje tillatast.*»

Eigedomen ligg innanfor Den indre farleia, som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Landskapet er i rapporten *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland* skildra slik: «*Landskapet ligg innaskjers og er lågt og langstrakt. Det er rivna i talrike landtunger og øyer, der fjordar, straumar og sund skil og bind saman. Landskapet fortel om overgangen frå dei fyrste faste bustadene med fangst og fiske som leveveg, til eit kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk i det milde kystklimaet, heilt fram til vår tid.*» Vidare er det peika på at landskapet er sårbart for treplating og attgroing, brukonstruksjonar over leia og høge konstruksjonar.

Historiske flyfoto viser at det har skjedd store endringar på den aktuelle eigedomen dei siste tiåra. Dette gjeld mellom anna fleire større tiltak i strandsona, ny veg over eigedomen heilt ned til sjøen og fleire nye bygg. Det er berre eitt sefrak-registrert bygg på eigedomen. Dette var det gamle våningshuset, men ut frå flyfoto ser det ut som det sefrak-registrerte bygget er rive og at eit nytt bygg er oppført på om lag på same stad. Det ser såleis ut til at det ikkje er nokon eldre bygg att på eigedomen, kanskje med unntak av naustet/sjøbua.

Vår vurdering er at då det på denne eigedomen er lite att av det opprinnlege kulturmiljøet samstundes som det er gjort fleire større tiltak i nyare tid, er kulturminneverdiane på eigedomen avgrensa. Det er likevel viktig å ta omsyn til landskapsverdiane. Nye bygg bør tilpassast eksisterande bygg og landskapet kring både når det gjeld plassering, storleik/volum og utforming slik at dei ikkje framstår som ruvande eller dominerande i landskapet.

Med helsing
Alver kommune, Kulturutvikling, idrett og
frivillighet

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG